



SHOW Uhørt heldt eit forrykande show med song og dans. Alle foto: Hilde Beate Ellingsæter

Uhørt med forrykande show

Det er berre å gi seg ende over. Etter å ha vore på framføringa til Uhørt søndag sit vi att med stor beundring, og ein aldri så liten gåsehudfaktor, over kor mykje flink og songglad ungdom som finns.

Den eine stemma finare enn den andre, framført med ei utstråling, glød og sjarm som berre ungdommar har.

Fleire hadde så velutvikla og flotte stemmer at det vil vere rart om ikkje nokon kjem til å gå i Dan Roger Lid sine fotspor, og bli med i The Voice, som kårar Norges vakreste stemme.

Forrykande show

Er de klare for eit forrykande show? spurte Stine Marie Maringdal Nordby publikum då ho introduserte showet.

Og forrykande vart det, heile framføringa gjennom. Totalt 19 låtar når ein tek med ekstranummeret som tvinga seg fram etter den ståande applausen frå ein nesten fullsett storsal på Ingebrigt Davik-huset.

Stemminga var sett alt frå første låt som var «Bohemian Rhapsody» av Queen. Med Heine Håker Lien og Lene Erlandsen som solistar var framføringa ei rein nytting og det var berre å lena seg tilbake. Resten av framføringane var ikkje dårlegare, her fekk vi servert den hiten etter den andre.



DYKTIGE Marius Hildre Helle og Frida Sønderland var dyktige solistar på fleire låtar, her under framføringa av «Applause» av Lady Gaga.

Solonommer

Samtlege av ungdommane, som er i alderen 13–20 år, såg ut til å storkose seg på scena og utstrålte både sjølvstikkerheit og energi.

Det er ikkje til å lure på ein gong at her ligg det både ekte song- og danseglede bak.

Og vi er heller ikkje i tvil om at det ligg mange øvingstimar bak showet. Her skulle det vere rett «timing», dansetrinna skulle sitje, det var fleirstemt koring og flotte soloprestasjonar. Av dei 16 medlemmane som stod på scena var det alle som song solo.

Denne gongen hadde ungdommane delt seg inn i mindre grupper som hadde kvar sine framføringar. Songrepertoaret var utvalde hitar frå til The Beatles, Lady Gaga, Queen og Rihanna.

I Uhørt er det slik at det er medlemmane sjølv som bestemmer kva dei skal synge. Så vi lagar ei lang liste og så vel vi ut det som er mest sannsynleg at det blir bra, sa Turid Skjelten som har vore leiar for ungdomsgruppa sidan dei starta og hadde sin første konsert i 2012.

Og når det kjem til spørsmålet om kven som vil synge solo, så har Skjelten det luksusproblemet at alle vil.

Felles interesse

Marius Hildre Helle er blant «veteranane» i koret. Han har vore med i seks år, kunne han fortelje då han vart intervjuva av Martine Valde.

Er dette bra for samfunnet? spurte Valde.

Ja, det er no ein stor del som vil halde på med musikk og då er det ein god veg å finne folk som har same interesse og gjere det saman med, sa Helle.

Ungdomsgruppa vart akkompagnert av proffe musikarar, som har vore med på alle dei 13 framføringane Uhørt har hatt.

Det var Ivar Holsvik på tangentar, Bjørn Skjelten på trommer, Kjetil Strand på gitar og Lars Øverås på bass. Danseinstruktør har vore Kristy Windspur.

Vi gir også ros til dei som styrte med lyd og lys.

Bra jobba, og takk for eit forrykande show.

HILDE BEATE ELLINGSÆTER
hilde@nordrenett.no



SOLISTAR Lene Erlandsen og Heine Håker Lien var solistar på «Bohemian Rhapsody».



GRUPPE Uhørt hadde delt seg i grupper til dei ulike framføringane. Her er det Julie Gjøesund (t.v.), Lina Hammersland, Christiane Herstad, Frida Nustad og Julianne Husby som framfører «Here comes the sun» av The Beatles.